



Palleproduksjonen går for fullt. Her er uskedelingane Per Ivar Kårstad (arbeidsleiar), Jan Tore Johnsen og Torolf Bondhus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**AFA i Uskedalen utvidar stadig si verksemd og no har dei teke eit nytt og viktig skritt framover: Mattilsynet har nyleg gjeve godkjenning for produksjon og merking av treemballasje produsert av innkjøpt og varmebehandla trevirke.**

**I praksis betyr det at AFA kan senda pallar ut på verdsmarknaden medan dei til no berre har vore nytta innanlands.**

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle opplyser til uskedalen.no at dei no nærmar seg 1.000 produserte pallar etter at dei starta for stutt tid sidan. Men med den ferske godkjenninga ser han for seg ein årleg produksjon på opp i mot 20.000 pallar - det vil seie full produksjon kvar dag på 1 eller 2 avdelingar.

-No kan vi få mange store og nye arbeidsoppgåver som betyr mykje for oss, seier Sæle.

Det er varmebehandlinga som er det store poenget i denne saka. Den skjer hos produsenten, som er Sunnfjord Sag. Pallane blir nytta til transport av fisk og Vikingfjord står sentralt i denne verksemda.

Varmebehandlinga må skje for at ikkje utøy som til dømes barkbiller skal angripe materialane og Sæle antar at dei mål liggja i eit rom med 60 plussgrader i ein time.

Pallane blir stempla med eit internasjonalt godkjenningsmerke og Mattilsynet sin inspektør Kristin Lervåg viser til at verksemda er vurdert etter matlova og forskrift om plantar og tiltak mot planteskadegjerarar.

Inspektøren strekar også under at bedrifta presenterte seg på ein god måte og opplyser at det varmebehandla trevirket blir oppbevara adskilt frå anna trevirke i eige lager. All produksjon går føre seg i eit avgrensa produksjonsområde og pallane blir mellomagra tildekkka, konstaterer inspektøren.

Utifrå godkjenningsmerket kan ein finna ut om og eventuelt kvar det har skjedd noko med virket som ikkje skulle skje.

Palleproduksjonen går no føre seg under enkle tilhøve øverst i AFA-anlegget og Sæle opplyser at den og vedproduksjonen skal flyttast til området som er kjøpt av Tor Eik på Endregård. Planering av dette er no ute på tilbod og neste år skal det reisast eit råbygg.

På dei siste 3 åra har arbeidsstokken ved AFA auka frå knapt 30 til 50.

AvOla Matti Mathisen



Tor Vidar Sæle med virke frå Sunnfjord Sag. (Foto: Ola Matti Mathisen)